

Fra: Alvar Melvær <alvar-m@online.no>
Sendt: 8. juli 2014 15:11
Til: Berg Solveig Silset
Emne: Re: Øvrebø kraftverk i Jølster kommune - vannføring fra Ålhusdalen

Hei!

Takk for informasjonen!

Når vi i høyringsfråsegna vår gjekk mot utbygginga, så var/er hovudgrunnen vår omsynet til Øvrebøfossen. Dels ut frå ei individuell vurdering av konsekvensane for fossen, dels ut frå sumverknadane når det gjeld utbygging av fossar i Jølster.

I området rundt/i nærleiken av Jølstravatnet nemner vi resultatet av desse utbyggingane:

* Fossheim kraftverk.+ Fossheimgardane mikrokraftverk (Breimsvassdraget.).

Fossheimfossen aust for Skei, som tidlegare var svært fin og godt synleg, mellom anna frå E39, er no så og seie heilt borte.

* Bjørndalselva kraftverk. Ei markert, godt synleg elvestrekning i landskapet (ikkje det ein vil kalle ein foss) er nesten ikkje synleg bortsett under flaum.

* Dvergsdalsdalen kraftverk. Ei markert elvestrekning i landskapet med små fossar, er no lite synleg bortsett frå under flaum.

* Gjesdal kraftverk. Den flotte og svært godt synlege (mellom anna frå E39)

Gjesdalsfossen har fått sterkt redusert vassføring.

* Kjøsnesfjorden kraftverk. Den tidlegare truleg finaste og best synlege (frå E39 og Rv 5) fossen i Jølster, Grovafossen, er nesten heilt borte store delar av året.

Vassføringsreduksjonen er størst i juli, august og september fordi breavrenninga no går gjennom turbinane, medan den tidlegare gjorde fossen ekstra stor og fin, særleg i varmt vær.

Dei 2 mest synlege (frå rasteplassen ved Rv 5) elvestrengane i Lundebotnen er borte.

Også andre viktige elvestrengar rundt Kjøsnesfjorden har fått sterkt redusert vassføring.

* Myklebost kraftverk. Har fått konsesjon, men er ikkje bygd. Vil redusere vassføringa i Myklebustfossen svært mykje.

Vi er sjølvsagt klår over, og har forståing for, at sett frå grunneigarane/utbyggerane sin synsstad vil det verke urimeleg at dei kan risikere å verte "straffa" fordi andre fine fossar i Jølster alt er utbygde eller har fått konsesjon. (Enkelte av dei burde etter vårt syn absolutt ikkje vorte utbygde.) Men sett frå vår synsstad gjer dei mange eksisterande utbyggingane det enda viktigare å ta vare på dei fine fossane som er att.

Kommentarar vedr. utbygging av Øvrebøfossen:

Samla vassføring til fossen blir frå Ålhusdalen 380 l/s + frå Gotdalen 990 l/s = 1.370 l/s.

Det betyr at vassføringa i fossen vert redusert til gjennomsnittleg ca. 28% samanlikna med i dag + vassføringa frå eit lite restfelt + minstevassføringa + flaumtap.)

Grunneigarane opplyste under synfaringa at snøen ligg noko lenger ut over sommaren i Ålhusdalen enn i Gotdalen. Det betyr at på ettersommaren vil vassføringa frå Ålhusdalen truleg vere litt større enn 28% av den noverande samla vassføringa. (Og litt mindre enn 28% andre delar av året.)

Under synfaringa la grunneigarane vekt på at også dei ønskjer at Øvrebøfossen framleis skal vere ein foss sjølv om vassføringa vert kraftig redusert. Det syntest vi er gledeleg!

Det nesten loddrette fallet i fossen, gjer at den vil sjå ut som ein foss også om vassføringa berre er til dømes ca. 35% (inkl. minstevassføring) av det normale. Men det

er klårt at bortsett frå under relativt store flaumar, så vil fossen etter ei eventuell utbygging, bli mykje mindre imponerende enn den er i dag.

Fossen er viktigast for landskap og friluftsliv om sommaren frå 1. mai til 30. september. Viss det i denne perioden vert slept ei minstevassføring tilsvarande 5-persentil sommar, 150 l/s, så vil det, saman med vatnet frå Ålhusdalen, gjere at vassføringa i fossen blir ca. 220 l/s, eller omlag slik som på foto 5 i Vedlegg 6 i konsesjonssøknaden. Då blir Øvrebøfossen framleis ein "brukbart fin" foss, den blir ikkje nesten borte, men framleis eit markert landskapselement.

Det er NVE (sjølvst) som skal gjere dei avvegingane av ulike kryssande interesser som må gjerast. Vårt primære ønske er framleis ingen utbygging av Øvrebøfossen. Men viss minstevassføringa om sommaren vert sett til 5-persentil sommar, så vil vi akseptere og respektere NVE si avgjerd utan "å klage" også om NVE gir konsesjon! I ei prioritering så er Nei til utbygging av Driva kraftverk og Åmot kraftverk viktigare for oss enn Nei til Øvrebø kraftverk.

God sommar!

Venleg helsing

for Sogn og Fjordane Turlag

Alvar Melvær

----- Original Message -----

From: [Berg Solveig Silset](#)

To: ['ldar.Sagen@sfj.no'](#) ; ['alvar-m@online.no'](#) ; ['Sølsnæs, Eyvin'](#) ; ['Solfrid.Tra@jolster.kommune.no'](#) ; ['L-hjelme@online.no'](#)

Cc: ['Jo Øvrebø'](#) ; ['Solhaug Kjell Inge'](#)

Sent: Monday, June 30, 2014 3:13 PM

Subject: Øvrebø kraftverk i Jølster kommune - vannføring fra Ålhusdalen

Hei,

Under høringsrunden og befaring ble det veldig tydelig at vi måtte få litt mer klarhet i hvor mye vann feltet fra Ålhusdalen bidrar med. Jeg har fått hydrolog her på huset til å se på dette. Dette er kun en grov analyse av feltet.

Areal: 4,1 km²

Middelvannføring: 92 l/s/km² eller **0,38** m³/s

Alm.l.vf. 4,5 l/s/km², **18** l/s

5-pers(s): 15 l/s/km², **62** l/s

5-pers(v): 3,5 l/s/km², **14** l/s

Ved fossen kommer et lite restareal og minstevannføring/flomtap i tillegg.

Dere har nå en mulighet til å komme med nye kommentarer angående dette om det er ønskelig, men ikke noe vi krever av dere. I søknaden er det noen bilder av fossen som viser hhv 220 l/s og 480 l/s.

Med vennlig hilsen,

Solveig Silset Berg

Overingeniør

Konsesjonsavdelingen
Seksjon for småkraftverk

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Telefon: 09575 eller direkte: 22959325

E-post: nve@nve.no eller direkte sosb@nve.no

Web: www.nve.no